



Innkalling

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 13.06.2023
Møtested: Kommunehuset - kantina
Møtetid: 16:15 - 18:00

Felles orientering om demensplanen for begge råda, frå 16.15, ved kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy og demenskoordinator Åshild Sandvin Olsson.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saknr	Tittel
014/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
015/23	Godkjenning av møteprotokoll
016/23	Orienteringssak

Austrheim 6. juni 2023

Odd Sigvald Øksnes
møteleiar

Kristin Nesbø
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	13.06.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/718

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	13.06.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/718

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.05.2023

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 04.05.2023
Møtestad: Kommunehuset - kantina
Møtetid: 16:15 - 18:30

Startar med fellesmøte med Eldrerådet.

Under orienteringssaka, sak 11/23:

- Status for arbeidet med nytt helsetun (Anne Hildegunn Færøy orienterer).
- Status for arbeidet med Skyss til Aufera (Anne Hildegunn Færøy orienterer).

Frammøtte medlemmer	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalseiar
Ivar Bergsvik	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Hege Ramsland	Varamedlem
Elsa Herlaug Skare	Varamedlem
Haldis Dyrnes	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Hildegunn Færøy, Hege Bergsvik Sætre, Kristin Nesbø

Ann Kristin Leirvåg
møteleiar

Kristin Nesbø
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
008/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/23	Godkjenning av møteprotokoll
010/23	Meldingar
011/23	Orienteringssak
001/23	Ulike dataløysingar for eldre
012/23	Fonnes bygdelag - ønskje om støtte til gjerde langs sti
013/23	Innspel til ny SAPT-avtale

008/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

04.05.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møteleiar Ann Kristin Lervåg, refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

RMNF - 008/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

009/23: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

04.05.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møteleiar Ann Kristin Lervåg, refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

RMNF - 009/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

010/23: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

04.05.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Melding 010/23 - 23.1 om HC- parkering ved samfunnshuset. Hege Ramsland er ny styreleiar i samfunnshet og tek saka opp i styremøte der.

Melding 010/23 23.2 Audiopedagogisk samarbeidsavtale. RMNF tok dette opp som eige sak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

RMNF - 010/23 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

011/23: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

04.05.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef helse og velferd, orienterte om arbeidet med eit nytt Helse- og velferdstun. Kommunestyret har bestilt ei utgreiing for eit slikt helse- og velferdstun, med bakgrunn i at det er høge kostnader om ein skal ta vedlikehald og opprusting av dagens sjukeheim, Nordliheimen. Det er vedteke at det skal etablerast ei prosjektgruppe (administrasjonen, fagpersonar, evt. ekstern hjelp) og ei politisk styringsgruppe, og prosjektmandatet er klart. Det er sett av 1 million kroner til dette arbeidet i 2023-budsjettet. Arbeidet skal følgja kommunen sitt prosjektreglement, og starta med behovsvurdering og kva bygget skal innehalda.

Har ikkje laga noko estimat på kostnader, og heller ikkje på tida fram til ein må ta avgjerd på om det skal byggast eller ikkje. Viktig at også råda får gje si meining her, men det er ikkje klart noko meir enno.

Hege Ramsland tok ordet på vegner av Fønnes Bygdelaag, og spurte om kommunen kan vera

behjelpelig til å setta opp gjerde langst stien mellom Vardetangen og Årvikane. Det er eit stykke av stien i nærleiken av Vardetangen, der det er eit bratt stykke som treng gjerde.

Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef helse og velferd, orienterte om status for Aufera køyringa. Det er gjort eit politisk vedtak om at ei arbeidsgruppe skal sjå på koeis ein kan løyse utfordringa. Arbeidsgruppa består av kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy, Odd Øksnes (RMNF), Elsa Skare (NFU), Inger Lise Nordanger (tilsett i Arbeid og Inkludering) og verneombod Anita Kommedal. Arbeidsgruppa sjå på ulike tenelege løysingar og legge fram forslag til politisk handsaming.

RMNF - 011/23 VEDTAK:

Orienteringane vert teke til vitande.

001/23: Ulike dataløysingar for eldre

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Rådet tar orienteringa til vitande.

04.05.2023 ELDRERÅDET

Jan Ove Synnevåg, teknologiambassadør for Pensjonistforbundet, orienterte om ulike løysingar for korleis teknologi kan brukast som del av velferdstilbodet, mellom anna til eldre. (Presentasjonen ligg ved møteprotokollen)

Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef helse og velferd, orienterte om aldersframskrivingar for Austrheim og digital konsultasjon. Fagleiar for heimetenesta, Hege Bergsvik, orienterte om kommunen sitt arbeid med velferdsteknologi.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for å ta orienteringa til vitande.

ER - 001/23 VEDTAK:

Rådet tar orienteringa til vitande.

012/23: Fønnes bygdelag - ønskje om støtte til gjerde langs sti

04.05.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Under orienteringar tok Hege Ramsland ordet på vegner av Fønnes Bygdelag, og spurte om kommunen kan vera behjelpelig til å setta opp gjerde langst stien mellom Vardetangen og Årvikane. Det er eit stykke av stien i nærleiken av Vardetangen, der det er eit bratt stykke som treng gjerde. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne diskuterte om dei skulle gje eit tilskot til dette. Alle var samde i at det vil vere nyttig for mange av brukarane som rådet representerer at det kjem på plass gjerde.

Framlegg frå Ann Kristin Leirvåg:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir kr 10.000,- til Fønnes bygdelag sitt arbeid med å sette opp betre gjerde. Tilskotet blir henta frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sitt budsjett.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Framlegget vart samrøystes vedtatt

RMNF - 012/23 VEDTAK:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir kr 10.000,- til Fønnes bygdelag sitt arbeid med å sette opp betre gjerde. Tilskotet blir henta frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sitt budsjett.

013/23: Innspel til ny SAPT-avtale

Framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner det er størst behov for slik teneste i aldersgruppa over 70 år og støttar framlegg frå Blindeforbundet og FFO.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Vedtaket vart samrøystes vedtatt

04.05.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

RMNF - 013/23 VEDTAK: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner det er størst behov for slik teneste i aldersgruppa over 70 år og støttar framlegg frå Blindeforbundet og FFO.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	13.06.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/718

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger: